

Rundskriv

Kommunene
Fylkeskommunene
Fylkesmennene

Nr.
H-3/13

Vår ref
2013000600 - 8

Dato
25.06.2013

Kommuneproposisjonen 2014 og Revidert nasjonalbudsjett 2013

Dette brevet orienterer om Stortinget si handsaming av Kommuneproposisjonen 2014 (Prop. 146 S (2012–2013)), jf. Innst. 500 S (2012–2013) fra Stortinget sin kommunal- og forvaltningskomité. Samstundes med kommuneproposisjonen la regjeringa fram Revidert nasjonalbudsjett 2013 (Meld. St. 2 (2012–2013)) og forslag til løyvingsendringar for 2013 i Prop. 149 S (2012–2013), jf. Innst. 470 S (2012–2013). Stortinget fatta vedtak om desse sakene 20. og 21. juni 2013.

Innstillingerne fra kommunal- og forvaltningskomiteen og finanskomiteen og referat fra stortingsdebattane 20. og 21. juni er tilgjengelege på Stortinget sine nettsider:

www.stortinget.no.

1. Det økonomiske opplegget for kommunesektoren i 2014

Hovudtrekka i det økonomiske opplegget for 2014 er følgjande:

- Realvekst i kommunesektoren sine samla inntekter på mellom 6 og 6 ½ mrd. kroner i 2014. Veksten er rekna fra anslått inntektsnivå i 2013 i Revidert nasjonalbudsjett 2013.
- Realvekst i kommunesektoren sine frie inntekter i 2014 på mellom 5 og 5 ½ mrd. kroner.
- Av veksten i frie inntekter skal 1 mrd. kroner fordelast til fylkeskommunane. I Nasjonal transportplan 2014–23 er det satt av 10 mrd. kroner i planperioden til fornying og opprusting av fylkesvegane. ½ mrd. kroner av veksten i frie inntekter til fylkeskommunane er innfasing av desse midlane i 2014. Midlane vert gitt som rammetilskot med ei særskild fordeling i inntektssystemet (tabell C). Fordelinga av

- midlane vert lagt fram i statsbudsjettet 2014.
- Resterande del av inntektsveksten, mellom 4 og 4½ mrd. kroner, går til kommunane. Av denne veksten er 180 mill. kroner grunngjeve i behovet for å styrke helsestasjons- og skulehelsetenesta.
 - Skjønnsramma for 2014 er fastsett til 2 653 mill. kroner i tråd med forslaget i kommuneopposisjonen.

Regjeringa legg fram endelig framlegg til inntektsrammer for kommunesektoren i statsbudsjettet for 2014 (Prop. 1 S (2013–2014)).

2. Revidert nasjonalbudsjett 2013

2.1 Endringar i rammetilskotet til kommunar i 2013 (budsjettkap. 571)

Regjeringa sitt forslag til endringar i Revidert nasjonalbudsjett 2013 vart vedteke i Stortinget 21. juni 2013. I vedlegg 1 er kommunevis fordeling av rammetilskotet i 2013 etter stortingshandsaminga vist.

- Ved behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2013 vedtok Stortinget å auke minimumstilskotet til ikkje-kommunale barnehagar til 96 prosent av gjennomsnittleg offentleg finansiering av kommunale barnehagar. Endringa gjeld frå 1. august i år. Rammetilskotet til kommunane vert auka med 60,5 millionar kroner. Endringane vert føretakne i innbyggjartilskotet (kap. 571, post 60). Endringane vil i sin heilskap gjerast på juli-terminen av rammetilskotet.

Forklaring til vedlegg 1

Kolonne 1:

Rammetilskot til kommunane etter saldert budsjett 2013 (jf. brev av 8. januar 2013).

Kolonne 2:

Endringar i Revidert nasjonalbudsjett 2013. Innbyggjartilskotet vert auka med 60,5 mill. kroner til opptrapping av minimumstilskotet til ikkje-kommunale barnehagar.

Kolonne 3:

Rammetilskotet til kommunane i 2013 inkludert endringa i Revidert nasjonalbudsjett 2013.

3. Øyremerka tilskot

Når det gjeld løvvingsendringar i øyremerka tilskot for 2013, sjå vedlegg 2.

4. Statsbudsjettet 2014

Prop. 1 S (2013–2014) vert etter planen lagt fram måndag 14. oktober 2013.

Med helsing

Thor Bernstrøm (e.f.)
avdelingsdirektør

Melissa Edvardsen
seniorrådgivar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur